

Dato: 22.09.2015
Vår ref: Arvid Tveit

Kunngjering av planoppstart for reguleringsendring av detaljreguleringsplan for Hyttefelt Hardbakke- Klubben i Solund kommune.

I medhald av Plan og bygningslova sin §12-8 og 12-14 vert det varsla oppstart av reguleringsendring for gjeldande detaljreguleringsplan for «Hyttefelt Hardbakke – Klubben», planid. 201301, som vist på kartutsnittet under.


Prosjekt mål

Planområdet er på 172 daa. Forslag til reguleringsendring har som hovudføremål å endre hytteområdet til eit område for bustadar. Bustadtomtene vil ligge i områda der hyttetomtene er regulert i dag, men ein vil endre på størrelsen og grensene i forhold til det som er vist på plankartet i dag. Vegtilkomsten til området kan også verta justert noko.


Bakgrunn

Solund kommune som er planfremjar ønskjer areal for å etablere eit bustadområde med frittliggande småhus, dvs. 1- eller 2-mannsbustader. Det er aukande etterspørsel av bustadtomter i Hardbakke. Solund kommune ønskjer difor å setje i verk tiltak som aukar tilgangen på utbyggingsareal, både på kort og lengre sikt.

Gustav Takle regulerte arealet til eit hytteområde i 2014. Solund kommune er i samtalar med han om å kjøpe heile området slik at dei kan ta over og endre bruken til bustadformål.



Oversiktskart med utsnitt av planområdet.



Gjeldende detaljreguleringsplan «Hyttfelt Hardbakke – Klubben», planid. 201301.

Planavgrensing/formål

Planområdet ligg nordvest for kommunesenteret Hardbakke, i Solund kommune.

Planforslaget vil ikkje endre på planavgrensinga, men vil omfatta tilpassingar og justeringar av formålsgrenser og dei interne tomtegrensene og vegtilkomst. Gjennom planarbeidet skal ein vurdere talet på tomter, plassering av dei og den samla arealutnyttinga i feltet. Ein ønskjer fortsatt å etablere småbåthamner og naustområder.

Føremålet med endringa av reguleringsplanen er å leggje området til rette for bustadtomter med tilhøyrande infrastruktur.

Ny detaljreguleringsplan vil erstatte gjeldande reguleringsplan for området.

Oppstart

Solund kommune er tiltakshavar og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart vert annonsert i Firda 23. september 2015. Annonse vert også å finne på solund.kommune.no og www.nordplan.no/kunngjeringar/.

Planforslaget skal bestå av to juridisk bindande dokument; plankart og føresegner til detaljplanen.

Det er høve til å kome med innspel/merknader til varsel om planoppstart og offentlig ettersyn av detaljreguleringsplanen etter 1. gongs handsaming.

Alle innkomne merknader vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Publikum og berørte partar har også rett til å uttale seg om saka ved offentlig ettersyn. Kommunen varslar berørte partar skriftleg, samt kunngjer i Firda når det er tid for offentlig ettersyn.

Frist for innsending av merknader:

Eventuelle innspel til planarbeidet kan sendast til
Nordplan AS, Pb.685
6804 Førde eller på e-post til at@nordplan.no

Frist for innspel: **22. oktober 2015.**

Spørsmål kan rettast til Nordplan AS på telefon 90682753.

Med helsing
for Nordplan AS



Arvid Tveit
Arealplanleggar/ GIS- rådgjevar

Vedlegg: varslingsliste grunneigarar/naboar, organisasjonar og offentlege instansar.

Adresseliste/varslingsliste grunneigarar/naboar:

Eigedom	Navn
26/49	Patrick Trovåg
27/1	Svein Paul Lien
26/46	Anne Marit Martinsen
26/46	Solveig M. Lien
27/8	Norman & Ragnhild Lien
66/1	Gustav Takle

Varslingsliste. Organisasjonar og offentlege instansar:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger, *postmottak.sentraladm@sfj.no*

Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturavdelinga, Askedalen 2, 6863 Leikanger,
postmottak.kultur@sfj.no

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, *fmsfpost@fylkesmannen.no*

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Postboks 53 6801 FØRDE, *nve@nve.no*

Statens vegvesen Region vest Askedalen 4, 6863 Leikanger, *firmapost-vest@vegvesen.no*

Sunnfjord Energi AS Boks 123, 6801 Førde, *firmapost@sunnfjordenergi.no*

Kystverket vest Postboks 1502. 6025 Ålesund, *post@kystverket.no*

Fjord 1 Sogn Billag Pb 67, 6851 Sogndal, *sognbillag@fjord1.no*

Fjord1 Fylkesbåtane AS Pb. 354, 6902 Florø *fylkesbaatane@fjord1.no*

NGIR Kjevikdalen, 5956 Hundvin *lindas@retura.no*

Bergens Sjøfartsmuseum Postboks 7800, 5020 Bergen *marinarkeologi@bsj.uib.no*

Telenor, *kabelnett@telenor.com*

Fiskeridirektoratet, Region vest, Pb. 185 Sentrum, 5804 Bergen, *postmottak@fiskeridir.no*